

Norrøn lesing for norsk skule

Her kjem eg til å komme med nokre uttalereglar for korleis eg vil mine elevar skal uttale bokstavar når dei les norrønt høgt. I mi norskundervising skal vi for det meste forholde oss til transkripsjonar av norrøne primærkjelder, og stavemåten som er vanleg i dei transkripsjonane. Det er ikkje eit mål i seg sjølv å kunne snakke norrønt slik det blei snakka, men det er eit mål å beholde ei forståing av lydskilja for f.eks. rim.

1. Vokalar er enten kort eller lang. Det fleste vokalane har både lang og kort form.

o ó	u ú	e é	y ý	ø œ	ǫ á
bukk bok	brudd brud	tett tet	nytt nyt	fødde føde	kokk kåk

2. Andre vokalar har berre éi form som enten er kort eller lang.

a	æ	au	ei	ey
takk	hær	bauta	feit	bøye

3. Konsonantar er òg enten kort eller lang. På norsk er det fortsatt sånn, men på norrønt så må ein holde styr på litt meir: <búr>(hytte), <búrr> (namn), <burr> (son), <bur> (son, men i akkusativ/objektsform).
4. Så skal <f> uttalast som /v/ etter vokal: <líf> som /liv/.
5. Så skal <h> alltid uttalast for å skille ord som <hríð> og <ríð>.
6. Ellers skal <z> uttalast som /ts/.
7. <ð> uttalast som <th> i engelsk <that>.
8. <þ> uttalast som <th> i engelsk <thick>.
9. I tillegg skal alle ord ha trykk i første staving, f.eks. Johannes skal uttalast Johannes og ikkje joHANnes.

Med desse tilpassingane frå norsk skal det vere relativt greit å forstå det meste av det norrøne lydsystemet når man les.